

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 28.08.2017
Vår ref.: 2016/5320-4
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 17/1652 – 17/13900

Att. Lillian Straumøy Brakstad

Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - frådeling av parsellar - Refskar - gnr 38 bnr 2 - Meland kommune

Viser til brev datert 30.06.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn og vårt brev med varsel om kulturhistorisk synfaring datert 06.07.2017. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Den 15.08.2017 vart det gjennomført ei synfaring i det aktuelle området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensial for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar i området.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt i samband med opparbeiding av feltet, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.